



Statsråd Knut Arild Hareide  
Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
[postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no)

## Prioriteringar i NTP 2022 - 2033

Kjære statsråd !

NTP 2022 - 2033 skal setja rammene for m.a. investeringar i sikring og oppgradering av riksvegnettet i Norge. Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 arbeider for sårt tiltrengte midlar til Rv13 som kanskje er Norges dårlegaste riksveg.

På Rv13 som går frå Stavanger til Sogndal er det av Statens vegvesen definert 34 skredpunkt med høg eller middels skredfaktor. Desse skredpunktta fordeler seg langs heile strekkja i dei to fylka Rogaland og Vestland. Dagleg må m.a. skuleborn, pendlarar og yrkessjåførar passera desse rasfarlege punkta. Situasjonen påfører dei vegfarande ein utryggheit som ingen bør verta utsett for og næringslivet får usikre leveransar og redusert marknadstilgang.

Fjordvegen Rute 13 støttar difor fullt og heilt opp om Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om 71 mrd inn i NTP 2022-2033 for å sikra alle skredpunkt med høg eller middels skredfaktor. Det må vera eit sjølvstøtt krav at fylkes- og riksvegnettet i Norge vert sikra ift. alle kjende raspunkt uavhengig av kor stor ÅDT er forbi kvart av raspunkta. Å sikra liv og helse gjennom trygge vegar er sett som første prioritet frå styret i Fjordvegen Rute 13. Dette er kanskje den viktigaste føresetnaden for busetjing i distrikta og heilt avgjerande for næringsutvikling og vekst i regionane.

Vegnettet utgjer ein sentral del av infrastrukturen som er basis for den samfunnstryggleik og beredskap vi er avhengige av i heile landet. Rv 13 er einaste veg til og frå svært mange bygder og regionar og det krev at vegen er open og farbar til eikvar tid. Slik er det ikkje idag. Oppetida er ikkje tilfredsstillande for alle deler av Rv13. Stenging på kort varsel pga ras eller rasfare gjer vegen upåliteleg og fører til at mange må velja omkøyringsvegar som i mange tilfelle er svært mykje lengre og medfører i mange tilfelle at reiser må skje ein dag tidlegare enn naudsynt. Vikafjellet er døme på ei strekning der oppetida er svært lav i vinterhalvåret.

Det må presiserast at Rv13 er den indre riksvegen nord-sør i Vestland og Rogaland fylke. Dette gjer vegen til ei svært viktig ferdsléare for store deler av begge fylka.

Også redusert framkome pga dårleg vegbreidd skapar uhaldbare tilhøve for mange regionar langs Rv13. Stor sommartrafikk pregar store deler av Rv13. I Hardanger har deler av Rv13 så dårleg vegbreidd at møtande køyretøy ikkje kan passera kvarandre. Det fører til nesten dagleg kork og kaos i sommarsesongen.

Denne sommaren og hausten har mange område langs Rv13 hatt eit heilt "17.mai-tog" av stortingspolitikarar på besøk, og dei synte stor forståing for problema på desse strekkjene av Rv13. Det vert spanande å sjå om alle besøka gjev seg resultat i konkrete løyvingar til oppgradering av vegen. Om alle velmeinande ord og forståing frå sentrale politikarar kunne vekslast inn i pengar ville nok prosjekta vore fullfinansiert.

**Fjordvegen Rute 13 har gul midtstripe på heile Rv13 som eit langsiktig mål, men ber ikkje om dette langs heile strekkja frå Stavanger til Sogndal i den komande NTP-perioden. Vi ber berre om rassikker veg, stor nok vegbreidd til at køyretøy kan møtast utan stopp og rygging samt at heile strekkja er open og farbar heile året. Slik kan denne riksvegen verta den viktige blodåra den skal vera for den indre delen av Vestlandet.**

Kinsarvik, 26. november 2020

Med helsing  
Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø  
Styreleiar

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar

Kopi til:  
Medlemer av Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget  
Stortingsrepresentantar på Hordalandsbenken